

---

**Fra:** Vilhelm Overå <vilhelm.overa@gmail.com>  
**Sendt:** 31. mai 2017 19:34  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Emne:** Merknader til reguleringsplan for Eikhovden,Ostereidet.

Merknader til reguleringsplan for Eikhovden,Ostereidet,plan id 1263-201511.

Viser til oversendte teikningar av reguleringsplanen.

Av figur 32 går det fram at det blir eit grøntareal mellom grensa til vår eigedom, bruk nr 70, og bustadtomtane og leikeplassen. På info.møtet på Ostereidet ungdomsskule blei det opplyst at det skulle vere eit slikt grøntareal.

På nokon av teikningane vi har fått tilsendt, ser det ut som dette grøntarealet er fjerna.

Vi ynskjer eit slikt grøntareal mellom vår eigedom og leikeplassen og dei nye bustadtomtane slik det går fram av fig 32.

Mvh  
Leikny og Vilhelm Overå